



Etnedal Kyrkjelege Fellesråd
Nord Etnedal kyrkjegard, utviding - planomtale

Utgåve: A-01
Dato: 2017-03-15

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar: Etnedal Kyrkjelege Fellesråd
Rapportnamn: Nord Etnedal kyrkjegard, utviding - planomtale
Utgåve/dato: A-01 / 2017-03-15
Arkivreferanse: -

Oppdrag: 601523-01 – Nord Etnedal kyrkjegard - utviding
Oppdragsskildring: Detaljprosjekt for ny del med nødvendig detaljering, som grunnlag for søknad om godkjenning i Hamar Bispedømmeråd. Med utgangspunkt i detaljprosjekt for utvidinga.

Oppdragsleiar: Marianne Laa
Fag: Landskap
Tema: Gravplassar
Leveranse: Grunnlag for søknad til Bispedømmerådet

Skriven av: Marianne Laa
Kvalitetskontroll: Hilde Ruud

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

Framsidedeilete Den nyaste delen av Nord Etnedal kyrkjegard, mot kyrkja og porten ved parkeringsplassen, aust for kyrkja. Foto: Marianne Laa, august 2015.

FØREORD

Asplan Viak har vore engasjert av Etnedal kyrkjelege fellesråd for å utarbeide plan for utviding av Hemsedal kyrkjegard. Kyrkjeverje Marie Bjørnødegård har vore fellesrådet sin kontaktperson for oppdraget.

Landskapsarkitekt Marianne Laa har vore oppdragsleiar for Asplan Viak, og Hilde Ruud har vore sidemannskontrollør.

ÅI, 15.03.2017



Marianne Laa
Oppdragsleiar

Hilde Ruud
Kvalitetssikrar

INNHALDSLISTE

1	Innleiing og bakgrunn.....	5
2	Hovudkonsept og minnelund.....	5
3	Grunnforhold	6
4	Tekniske anlegg	7
4.1	Vegar og plassar	7
4.2	Tinestrøm og gangveglys.....	9
4.3	Gjerde	9
4.4	Møblar	10
4.5	Søppelhandtering.....	10
4.6	Vatn og vasspostar	11
5	Opparbeiding av gravfelt.....	12
5.1	System og nummerering.....	12
5.2	Terreng, massar og overvatn.....	12
6	Vegetasjon	13
6.1	Tre.....	13
6.2	Busker.....	13
	Vedlegg	14

1 INNLEIING OG BAKGRUNN

Prosjektet baserar seg på gjeldande reguleringsplanforslag for området som heiter «Nord-Etnedal Kyrkje» og er datert 17.06.2016, utarbeidd av Asplan Viak AS. Utvidingsområdet for gravplassen har vore godkjent i tidlegare plan, men utviding av parkeringa gjer at planen no er ute til revisjon.

I planomtala for nemnt reguleringsplanforslag, heiter det at utvidinga av gravplassen er avklart gjennom ein tidlegare vedteken reguleringsplan, jamfør utsnitt: «Utvidelsen av kirkegården er lagt mot sørvest, ut mot Dalselvi, på eiendommen gnr. 32 bnr. 73. Dagens kirkegård har ledig plass for ca. 10 år fremover, og det vurderes derfor som riktig å legge til rette for utvidelsen nå. Utvidelsen vil kreve oppfylling med en del masse og antakeligvis bygging av ny støttemur da det er noe høydeforskjell fra dagens kirkegård. Avstanden mellom ny kirkegård og elva vil på det minste bli ca. 25 meter. Området ligger i sone 2a i kommunedelplanens arealdel hvor det er definert et vassdragsbelte på 50m. Innenfor disse områdene er det i utgangspunktet forbudt å iverksette byggetiltak. Forbudet kan imidlertid fravikes gjennom godkjent reguleringsplan. I dette tilfellet berøres en del av vassdragsbeltet som vurderes ikke å ha spesielle naturverdier eller interesser knyttet til friluftsliv.»

Nord-Etnedal kyrkje er ei trekyrkje frå 1866, og kyrkjegarden er per i dag på om lag 2,7 daa (inngjerda område). Kyrkja ligg med fylkesveg 204 som næraste nabo i nord og Dalselvi sør for seg. Kyrkjegarden har hatt ei relativt stor utviding før, austover. Den eldste delen av gravplassen ligg sør for kyrkja, i retning ny utviding. Utvidinga i dette prosjektet vil bli eit tillegg på ca. 0,8 daa gravplassområde.

I Nord-Etnedal har det dei siste 15 åra i snitt vore 4,4 gravferder i året. Det varierer kor mange heilt nye graver som trengst. Kremeringsandelen er liten.

Parkeringstilhøva er vurderte i reguleringsplanprosessen til å vere prekært for lite ved store arrangement, og det er lagt ut 50 nye parkeringsplassar i området nordaust for kyrkjegarden i forslag til revidert reguleringsplan.

2 HOVUDKONSEPT OG MINNELUND

Plankonseptet har hatt som mål å gjere utvidinga så naturleg som mogeleg i forhold til eksisterande anlegg, men samtidig heve kvaliteten i anlegget, i forhold til krav om universell utforming og funksjonelle løysingar for vatn og avfall. Utvidinga vil «flytte» støttemuren og den utfylte delen noko lengre mot søraust, slik at anlegget framstår ganske likt som i dag, berre større i utstrekning.

Planlagt namna minnelund blir sentral i anlegget inntil og som ein del av, den vesle, runde plassen som avsluttar den grusa prosesjonsvegen, midt i anlegget. Felles gravminne for minnelunden er tenkt som ein natursteinsmur som går ut ifrå/ stør seg inntil ein stor kampestein/ naturstein i den eine enden. Minneplater skal då festast på muren, på sida mot minnelunden (sjå detaljplan for minnelunden, samt illustrasjonsfoto under).



Bilete 1: Døme på type naturstein som er ynskjeleg inntil natursteinsmuren i minnelunden.

Muren er tenkt nøyaktig bygd med god murestein. Metallplater, som i dømet på biletet under, skal festast på muren. Dømet under er henta frå minnelunden på Voie.



Bilete 2: Døme på minneplater og mur på Voie gravlund (foto:Eikemo).

3 GRUNNFORHOLD

På same måten som eksisterande kyrkjegard er lagt på lausmasser/ fylling blir den nye delen lagt ut med ei fylling ut mot ein støttemur. Dette gjer at ein kan bestemme kornfordeling og samansetjing av massane til kistegravfeltet slik ein ynskjer, med mest mogeleg optimal samansetjing.

Grunnforholda på utvidingsområdet er elveavsetningar med sand og grus. Det vart her greve prøvehol med omlag 10 meters mellomrom, for å sjå høgde på grunnvasstand. Sidan område ligg så tett på Dalselvi er det i prinsippet vasstanden i elva som bestemmer høgda på grunnvatnet inne ved gravplassen. Det er difor også sett på ulike flomsituasjonar og

erfaringstal for vasstand i elva. Grunnvatnet er ved normal vassføring i elva berekna godt under det som er kravet. (Sjå snitt teikning LS101.)

Situasjonen vart drøfta med gravplassrådgjevar Åse Skrøvset som meiner flomsituasjonen på staden er akseptabel sidan det kun er snakk om korte periodar der vatnet kan trekke opp i gravhøgde. Det ved 50- og 100 årsflom at vasstanden kan komme til å stå opp i kistehøgde. Dersom dette skulle vere tilfelle ved tidspunkt for gravferd, må denne utsetjast til vatnet har gått attende.



Bilete 3, under: Utvidelsesområdet etter hogst, tilsvarande mur blir sett opp lengere ut mot elva.

4 TEKNISKE ANLEGG

4.1 Vegar og plassar

Det er ikkje grusvegar inne på kyrkjegarden per i dag. Hovudinngangen til kyrkja er på vestre kortvegg, og vender vekk frå kyrkjegarden. Dette gjer at alle, både bæreprosjonar og folk elles, må ta seg fram over grasmark, og mellom graver til den aktuelle grava. Når ein no skal byggje noko nytt vil krava om universell utforming av «anlegg som er ope for publikum», tre i kraft, i alle fall for den nye delen. Det er difor vald grus som dekke på ny prosesjonsveg (hardpakka og salta). For å lette vedlikehaldet og halde «føringskanten» (for synshemma) mellom gras og grus på plass, kan det vere lurt å skilje jord og bærelag/grus med ein type langsgåande stålplate. Ei slik løysing vil gjera vedlikehaldet over tid, enklare.



Bilete 4 og 5 - døme på type stålkant: Ever Edge stålkant mellom heller og grus eller gras. Utklipp henta frå <http://www.everedge.fr/>

Som ledelinje og oppsamlingsrenne for overvatn er det lagt inn tre rekkjer med storgatestein i granitt med ein svank på 2cm i midten. Dette vil også gje estetisk kvalitet i miljøet, og og heve standarden på anlegget.



Bilete 6: Døme på kombinert ledelinje og vassrenne med 3x storgatestein og tilpassa gatesluk. (Frå Høgskulen i Bergen, foto: ML)

Det er to små plassar i planen. Ein ved hovudinngangen og den runde plassen ved minnelunden. Desse er begge tenkt med skiferdekkje, heilt eller delvis dekt. Dette vil gjere plassane til smykke i anlegget, og det er i tråd med universell utforming. Det indikerer at her er det ikkje vanleg veg; her kan det komme installasjonar eller møbel.



Bilete 7: Skiferdekket er tenkt i store, rektangulære heller med fallande lengder og ulike breidder, lagt i forbandt mønster (døme til venstre er Oppdalskifer).

4.2 Tinestrøm og gangveglys

Sidan anlegget er relativt lite og utvidinga kjem så nær kyrkjebygget, er det ikkje lagt opp til noko nytt tinestrømmuttak ute på gravplassen, i samband med utvidinga. Per i dag er det ingen tinepunkt på kyrkjegarden. Det bør vere slike strømmuttak, med maks 50m mellomrom for at kabelen som skal rullast ut ikkje skal bli for lang. Det bør difor setjast opp eit slikt uttak på veggen til bårhuset, og eit i den vestre enden av sørveggen på kyrkja.

Eksisterande kyrkjegard har ikkje gangveglys, men der er den opplyste kyrkja ein viktig faktor som gjev indirekte lys til særleg den eldste delen av kyrkjegarden. Sidan utvidinga ligg så nært opptil bygget og den eldste delen, blir det ikkje lagt opp til frittstående lys stolpar ute på gravplassen i samband med utvidinga.

4.3 Gjerde

Det kvite stakittgjerde oppå kyrkjegardsmurane og dei relativt små portane inn til kyrkjegarden er fint utforma, og høver godt til den kvitmåla kyrkja. Det er difor naturleg at dette blir vidareført også ved utviding av kyrkjegarden.

I murane og steingjerda på den eksisterande delen er det brukt stadeigen morenestein å mure med. Det er naturleg i dette anlegget og vidareføre denne typen «steinugard» og støttemurar. Der det er nødvendig i forhold til fallkantar og inngjerding, er det tenkt å vidareføre den kvite stakittløyninga.



Bilete 8: Kyrkjegardsmur med lokal morenestein, eventuelt innkjøpt liknande stein (t.d. Hardangerskifer) og stakittgjerde oppå mur er tenkt vidareført inn i ny del.

4.4 Møblar

Dei kvite benkane som er på kyrkjegarden i dag, høver godt inn, og bør vidareførast inn i den nye delen. Sjå bilete under. Ein av benkane vil få universell tilkomst og utforming (ved minnelunden).



Bilete 9: Eksisterande kyrkjegard har kvite, klassiske parkbenkar som med fordel, kan vidareførast inn i det nye anlegget.



Bilete 10: Desse finst i handelen framleis.
Foto er henta frå
<http://www.hagemobler24.no/benker/lund>

4.5 Sjøppelhandtering

Avfallsdunkane er tenkt plassert ved portane til kyrkjegarden, tre totalt. Det er lite søppel som blir handtert her, og per i dag finst ikkje søppeldunkar inne på kyrkjegarden.



Bilete 12: Døme på avfallsdunk med klassiske stiltrekk; Lilly avfallsdunk frå TRESS.

<https://www.tress.com/nb-no/lekeplass-og-parkutstyr/opphold-og-utemiljoe/lilly-avfallsdunk-med-tak-714406/>

4.6 Vatn og vasspostar

På eksisterande kyrkjegard er dette med vasspost ikkje handtert på ein god måte, kun ein slange med kran i enden er lagt ut til eit av trea, og bunde opp der. Dersom vassposten skal kunne vere eit positivt og «berikande» element i miljøet bør den få noko meir omtanke og kvalitet enn i dagens anlegg. Det skal leggjast ut to nye vasspostar i anlegget for å dekke arealet med 35m radius i forhold til bæring av vatn. Sommarvatnet kjem frå Dalselvi per i dag via ei pumpe i eit lit pumpehus, og vatnet har altså trykk ut ti vannpostane. Det må monterast stengekraner (ein i kvar retning) i fordelingskummen slik at anlegget lett kan tømmast for vatn før vintersesongen. Pullerten må lakkert svart for å harmonere med smijarnsportar, og nye søppeldunkar, samt med miljøet elles.



Bilete 11: Planlagt vasspostkran i støpjern frå Benzen har eit klassisk uttrykk og vil passe godt inn i anlegget dersom den blir lakkert svart.

www.benzenas.no



Bilete 12: Eksisterande vasspost ligg omtrent der den nye plassen ved minnelunden kjem. Det er planlagt ny vasspost ved hovudinngangen og på den runde plassen som vil bli lettare å bruke, for alle.

5 OPPARBEIDING AV GRAVFELT

5.1 System og nummerering

Gravfelta har namn i form av bokstavar som fortset alfabetisk etter siste brukte bokstav på eksisterande kyrkjegard. Deretter er gravrekkjene nummererte, samt kvar einskild grav (sjå gravkarta). Det er førebels ikkje oppretta ein såkalla nasjonal gravplass ID for kyrkjegarden, men arbeidet er i gang. Skilting av felta må gjerast i tråd med eksisterande materialbruk, og enkelt, i til dømes i form av ein kvitmåla treplanke som står horisontalt i bakken, med ei metallplate øvst.

5.2 Terreng, massar og overvatn

Terrengnivået på den nye delen er tenkt med utgangspunkt i eksisterande terreng, og eit svakt fall nordover, slik at det blir eit lågbrekk langsmed prosesjonsvegen som går inn i anlegget. Sør for prosesjonsvegen blir den nye delen på fylling ut over eksisterande masser (toppmasser må av først).

Fyllmassane må difor vere gode kistefeltmasser av naturleg morene med noko organisk materiale. Massane må komprimerast høveleg i forhold til den strukturen dei har, og at det skal bli høveleg hardt å grave i. Sidan massane blir ideelle skal det ikkje drenerast under eller i desse. Det einaste som skal vekk av vatn i rør, er overvatn frå gravplassen mellom kyrkja og den nye støttemuren. Her vil nok overvatnet stort sett infiltrere i grasmarka og på grusvegen, men i ekstreme tilfelle som smeltevatt i vårløysinga og ved styrtregn, vil sluka i midten ta opp det som ikkje vert infiltrert med ein gong.

Drenering av område oppstraums er ikkje noko tema her, då grunnvatnet står djupt nok i forhold til oppfyllinga ved normale tilstander. Eksisterande kyrkjegard og kyrkjebygget, samt fylkesvegen, ligg nord for utvidingsområde og gjev stabile forhold i grunnen oppstraums.

6 VEGETASJON

6.1 Tre

På eksisterande kyrkjegard er det stort sett tre som rammeplanting ut mot gjerde og mur. Dette er i hovudsak bjørk.

Nord-Etnedal har hardført klima og det er naturleg å bruke stadeigne artar. Bjørk og rogn er slike, men vanleg norsk bjørk er lite allergivenleg og skal difor ikkje plantast inn i offentlege anlegg. Det er difor beskrive ein spesiell sort bjørk som er særkjønna og som blir formeira ved poding. Dette gjer at ein får kjøpe berre hoplanter, og dermed eliminerer problemet med pollen. Denne bjørka heiter Ornåsbjørk og er ein type hengebjørk med flika blad. På avstand og i framtoning ser den likevel ut som ei typisk bjørk, slik me kjenner den. Det er også beskrive vanleg rogn ved minnelunden, som vil gje meir årstidsvariasjonar i form av blomar om våren og bær om hausten.

6.2 Busker

I tillegg til tre, er det supplert med noko buskvegetasjon i anlegget for å danne mindre avgrensingar og oppdeling. Kvit blomsterfarge er vald som gjennomgangstema for å hente opp det kvite temaet frå bjørkestammene, kyrkjebygget, møblering (gjerde og benkar) og som symbolsk element for dei som vil sjå det. Desse buskene er vald ut:

Finlands vita ros, *Rosa pimpinellifolia plena* er hardfør og nøysom. Den blir 1,5-2 m høg, og blomstrar rikt tidleg på sesongen. Denne er tenkt ved hovudinngangen til kyrkja, ved den vesle plassen med vasspost der.



Bilete 13 og 14: Finlands vita ros – bileta er henta frå internett;

(<http://www.alltomtradgard.se/forum/tradgard/rosforum/rosa-pimpinellifolia-plena-finlands-vita-ros-83558>)

Bærsøtmispel; *Amelanchier alnifolia* 'Alvdal' er tatt inn som stor busk (2-3,5m) ved minnelunden og som einskildbusker ute langsmed gjerde på nokre punkt. Denne blomstrar med kvitt flor i mai/juni, og vil komme før rosene. Dette er ein hardfør busk som toler kalde

vintrar og er nøysom i forhold til jord. Den har etande bær (som kan brukast til saft og syltetøy og som fuglane likar). Busken får også flotte, gule haustfargar.



Bilete 15 og 16: Bærsmispel – bilete henta frå internett;
(<http://www.eplante.no/amelanchier-alnifolia-fk-alvdal-e>)

VEDLEGG :

Vedlegg 1 – Uttale frå gravplasskonsulenten

FIL MELDING ADOBE PDF

Ignorer Slett Svar Svar alle Videresend Møte IM Mer

Arkivkopi Gruppe-e-post Svar og slett Til overordnet Fullført Opprett ny

Regler OneNote Flytt Handlinger

Tilordne Merk Kategoriser Følg opp

Søk Relatert Velg

Slett Svar Svar alle Videresend Møte IM Mer Arkivkopi Gruppe-e-post Svar og slett Til overordnet Fullført Opprett ny Regler OneNote Flytt Handlinger Tilordne Merk Kategoriser Følg opp Søk Relatert Velg Zoom Zoom



tor 03.12.2015 15:24

Å...se SkrÅvset <as888@kirken.no>

RE: Nord-Etnedal kyrkjegard

Til Marianne Laa

Hei.

I følge notatet så er grunnvannstanden ved 50-årsflom 1,25m og ved 10-årsflom 1,30m. Dersom en gravlegger med jordoverdekning 80cm, vil gravene være 1,30cm dype (normal kistehøyde er 50cm). Det vil altså være svært sjeldent at det blir stående grunnvann i gravene. I perioder med flom vil det også vanligvis være mye nedbør. Det er imidlertid viktig at gravmasser og toppdekke har tilstrekkelig vanngjennomtrengelighet til å få regnvannet unna.

Ut fra den tilsendte dokumentasjonen så mener jeg at området kan benyttes til gravplass sett i forhold til grunnvannsnivå. Det kan/ bør vurderes om det er mulig å heve terrengnivået noe for å ta høyde for framtidige endringer i flomsituasjonen.

Med vennlig hilsen

Åse Skrøvset

Rådgiver gravplassaker
Telefon 958 78 444
Epost as888@kirken.no

From: Marianne Laa [<mailto:Marianne.Laa@asplanviak.no>]**Sent:** Tuesday, December 1, 2015 3:12 PM**To:** Åse Skrøvset <as888@kirken.no>**Subject:** Nord-Etnedal kyrkjegard

Hei!

- Takk for praten før i haust angående grunnvassnivå og utviding ved Nord-Etnedal kyrkjegard.

Eg fekk dei til å observere litt nøyare vasstanden i prøvehola i utvidingsområdet i haustflommen i år – vedlagt er deira konklusjonar omkring dette, sjå også vedlagte kart, regulering og bilete...

Har eg forstått deg rett i at du meiner det går an å bruke området til gravlegging, dersom det berre er i flomsituasjonar at vatnet kan sive inn i kistehøgde? (- Og at det då vil vere ein viss risiko ved at ein ikkje kan gravlegge her under slike tilhøve.)

Med venleg helsing



Marianne Laa
Landskapsarkitekt MNLA
Landskap

T: 971 65 167
E: marianne.laa@asplanviak.no

Kom i kontakt med Asplan Viak



Asplan Viak AS
Sundretunet
Sundrejordet 4
3570 Ål

T: 417 99 417
www.asplanviak.no

Les vårt nyhetsmagasin
KVARTALET